

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 18

Tilleggsspørsmål nr.

Emne: joletre og jolehalm

Oppskr. av: Andre Branden

(adresse): Mittet

Fylke: Møre og Romsdal

Herad: Eresfj og Vistdal

Bygdelag: Vistdal

Gard: Branden

G.nr. 62 Br.nr. 1.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1. Det er vanlegt å ha joletre.
2. Den første jolefest eg veit om var ei jolefest eg hadde på Myklebostad skule 3^{die} joledag - 27-12-1890.
3. I kyrkja hev det vore joletre berre ein gong, omlag¹⁹¹⁸ - Det er no mange slags jolefester. På skulane, bedehusene og ungdomshusene. Og i alle heimar, ser, lig der dei hev born, hev joletre.
4. I den siste tida hev me pynta stua ^{5. og 6.} med papirguirlander i kryss opunder loftet, og bjørkeris i sokaler. Dette ris er kvitt av gipsvelling. Joletre hev me også. Joletra kan vere små - 0,7 m - og stå på eit bord. Vil man gå omkring det må det stå på golvet og kan vere frå 1,5 til 2,5 m. høge.
7. Det er pynta med heimlaga papirstas, og kjøpt stas altåt, samt med joleljøs.
8. Dei voksne pynta treet. Når borni vert voksne pynter dei joletreet.
9. Små tre står på bord - store på golvet.
10. Man sender treerne joleaftan og siden ettersom det passar.

11. Man gjeing rûnds treet og synger
jolesanger - og enkelte fedrelandsanger,
s. d. Gud signe vort dyre fedreland -
Millom bakkar og berg - Gud signe
Korrigs land - O hva det er å elska.
12. På forsamlingshus ofte til 20 helgi,
i heimane rakt til Kyndelsmess.
13. Er det gaver deler dei voksne gaven.
14. Man brukar oftast fivû, men og,
så gran, dei som hev det.
15. Her i bygda hev man alltid tre
hogde i skogen. Er dei ikkje riktig
fine, setter me inn greiner - og sja
rer av ein grana^(del) av dei lengste.
16. Her hev ikkje voret sett op tre ute.
- 17-20. Dette med halm på golvet hev
eg ikkje høyrd gjete nokkon gong.

4137

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING